



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 5

MAI 1978

28. årgang

17. mai

*Grunnlovsdag — flagg i stang
vaier vent i vakre våren, —
er av morgonbrisen båret,
kneiser ifrå kyrkjevang,
blafrar blidt i breide bygda,
lyser lindt i lune li,
signar dygda, —
strevet som vi strevar i.*

*Grunnlovsdag — barn i tog
går i alle Norges grender, —
tusen flagg i barnehender.
Kvar ein liten — fin og fjåg
er ein pant på landets ære,
på den saga som er vår.
De skal bære
fedrearven år for år.*

K. R.

*Grunnlovsdag — fedres verk,
ættararv frå atten fjorten, —
for vår fridom inngangsporten,
det som gjorde staten sterk.
Nitten fem med vakt om landet.
Fem års krig mot framand makt, —
kjerleiksbandet
inn i alle hjarter lagt.*

*Grunnlovsdag — åkerrein
like inntil kvite snøen,
heilt til kant av blåe sjøen, —
— — rudt av fedre — fri for stein.
De som smakte borkebrøde'
likevel tok Gud i sinn,
levde, døde,
gjekk i seiersglansen inn.*

*Grunnlovsdag — albumbla'.
Farfar der i uniformen.
Bror hans blei i titranstormen.
Gulna brev som eingong va'
kjerleikshelsing frå Dakota.
Hårlokk rama inn i glas, —
Minnesota, —
søster kledd i brurestas.*

*Grunnlovsdag — mor i strev,
bleievask og mat i omnen,
tidleg morgon, seime somnen.
Kjerleiken ho enda hev.
Far i skog — i båt — fabrikk.
Endene som møtast må.
Slåk er skikken
skal ein arbeidssiging få.*



SLEKTERS GANG

Døpte

Døpte:

Orkanger

9. 4. Roar Kvåle

Geitastrand

26. 3. Vidar Fjelnseth

Orkdal.

23. 3. Kristian Franer (Torshov k.)

Jørgen Strand (Kolstad k.)

26. 3. Kjell Rønning

2. 4. Elisabeth Olsen

9. 4. Roger Sivetsen

23. 4. Anna Marie Skipnes

30. 4. Øyvind Blæstad

4. 5. Steinunn Hrefna Fjellheim

« Lasse Evjensvold

Vigde

Orkanger.

1. 2. Lars Harald Fredriksen og

Helene Kobberød (sorensk.ktr.)

17. 2. Finn Steinar Nielsen og

Anne Brith Slettås (sorensk.ktr.)

Orkdal.

25. 3. Sune Standby Gummesson og

Maria Vorren (Neiden k.)

31. 3. Terje Melby og Berit Ofstad

(skr.ktr.)

21. 4. Stig Edvin Lundh og

Britt Sølvi Nordstrand (skr.ktr.)

21. 4. Ludvig Andreas Fredriksen og

Frida Elvida Solstad (skr.ktr.)

29. 4. Jon Sverre Solligård og

Else Engmann

Døde

Orkanger

24. 3. Svein Barnstrøm Falch f. 1914

24. 3. Rolf Semb f. 1915

25. 3. Emil M. Carlsen f. 1902

10. 4. Bertine Ofstad f. 1895

11. 4. Sverre Selboe f. 1901

Orkdal.

30. 3. Guri Margrete Bertine Bye

f. 1889

6. 4. Inga Kristine Sletvold f. 1898

Geitastrand

5. 4. Torolf Stendahl f. 1898

Søndag 28. 5

kjem Norsk Lærarakademis kor til Orkdal og syng ved gudstenesten denne søndag i Orkdal kyrkje. Akademilektor Ole Øystese preiker. Det blir høve til å ofre til lærarakademiets drift.

Eldretreff på Svorkmo misj.hus torsdag 11. mai kl. 11. Velkommen!



Pinsedag

Apostelgjerningane 2

Da pinsedagen kom, var dei alle samla. Da kom det brått ein lyd frå himmelen og fyllte heile huset dei sat i. Det var som når ein sterk vind stormar fram. Og dei fekk sjå tunger liksom av ild, som skilde seg og sette seg på

kvar einskild av dei. Da vart dei alle fylte med DEN HEILAGE ANDE og tok til å tale på andre tungemål, etter som Anden ga dei mål og mæle. (v. 4)

Dei heldt urikkeleg fast ved læra til apostlane, ved samfunnet, brødsbrytinga og bønene. (v. 42)

Et godt tilbud

Madagaskar-misjonæren Inga Marie Bach Skomsvoll forteller om en tur til en landsby der hun visste det var en blind jente. Nå skulle de dit og spørre foreldrene om de ville godta tilbudet om å sende jenta til Blindeskolen på Loharano: —

Da bilen stanset, ble vi fort omringet av en flokk voksne og barn, som skikken er her. Her er det vanskelig å fare med hemmelighetskrempier. Men det var jo heller ikke nødvendig i dette tilfelle. Om de hadde fått beskjed om at vi skulle komme? Jo da, men barnets foreldre var ikke kommet ennå.

Men se, der begynner det å leve borte i kaffebuskene. Først kom et par unger springende, og så en alvorlig kvinne med en bylt på ryggen. Bylten viste seg å være den blinde jenta — det tomme, glansløse uttrykket i øynene talte for seg selv. Hvor gammel hun var? Jo, hun var født under sykronen «Jane». Vi fant da ut at hun måtte være vel fire år, og da var hun passe stor til å begynne å tenke på skolegang. Hva tenkte hun mon, der hun stod midt i klyngen av mennesker og holdt seg i morens skjørt, mens hun lyttet til de fremmede stemmene?

Presten viste bilder fra brosjyren fra Blindeskolen — barn som leste, barn som skrev, som skrev på maskin, som gjorde håndarbeid — ja, som til og med lærte å forsørge seg selv. Mens han snakket, kunne jeg ikke la være å studere morens ansikt. Øynene så ut til å dugge i det alvorlige ansiktet. Var hun redd — redd for at vi skulle ta barnet fra henne — gjøre henne vondt, eller øynet hun håp for veslejenta si?

Endelig var presten ferdig med å snakke om skolen, og så kom spørsmålet: Hvordan de stilte seg til å sende jenta på denne skolen? Da lyste morens ansikt opp i et varmt smil, og så kom det: «Hva annet kan vi gjøre enn å godta et slikt tilbud?» Et håp var tent for veslejentas framtid. Det gjorde nok også godt å vite at det er noen som ikke ser på de blinde som en ulykke og en byrde, men som likeverdige mennesker. Kanskje gjorde det også godt at de omkringstående fikk vite at «bylten» som var hennes daglige byrde, og de mange andre blinde, har evner og muligheter til å lære som andre barn — at de er verdifulle i Guds og menneskers øyne.

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel

Agnes Singstad

Redaktør: Kaare Rogstad

Kasserar:

Einar Garberg, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Ekspedisjon:

Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

7330 Svorkmo.

Orkdal kyrkjelege fellelsråd

har etter nyval denne samansetning:

Frå Geitastrand: Asbjørg Husdal og Gunerius Kjøren.

Frå Orkdal: Johan Hukkelås og Alv-hild Engen.

Frå Orkanger: Egil Singstad og Jostein Mælen.

Frå Orkland: Jostein Dahlen og Ingvar Grytdal.

Soknepresten er sjølvskreven.

Fellesrådet konstituerte seg slik:

Kaare Rogstad form. Johan Hukkelås n.f. Egil Singstad sekr. til kateket Per Solem tiltrer stillinga. Da vil han vera sekr.

Prostrådets medlem frå Orkdal

for ny fireårsperiode frå 1. 7 1978 vart Reidar Hलगunset. Han vart samrøystes attvald av fellelsrådet.

Eit soknerådenes hjelpekorps?

På siste møte i fellelsrådet kasta Egil Singstad fram tanken om et hjelpekorps for den respektive sokneråd. Han meinte at vi i kvart sokneråd måtte få registrert mennesker som friviljug meldte seg for å hjelpa til på eit eller anna frontavsnitt i kyrkjelyden. Tanken er så god at den må realisast. Soknerådsformennene tar gjerne imot meldingar.

Ved folketelling 8. 2. - 78

hadde sokna dette folketal:

Geitastrand: 881, Orkanger: 2651,

Orkdal: 4478 og Orkland: 1475.

Tilsaman: 9485.

På grunnlag av desse tala har fellelsrådet vedtatt nye fordelingstal for fellelsutgifter:

Geitastrand 9/100, Orkanger 28/100,

Orkdal 47/100 og Orkland 16/100.

Kyrkjevergen i Orkdal

Jon Almli som har vikariert i stillinga ca. 1½ år har gjeve stafetten over til Arne Langås som no er valt til kyrkjeverge for ein periode av 4 år.

Yngres Misjonsforening

på Fannrem kan jubilera dette år. Foreninga vart starta for 75 år sidan som «Pikeforening». Vi gratulerer.

Agdenes prestegjeld

er frå 1. 4 overført til Orkdal prosti og vi ønsker våre naboar velkomne.

Ny res.kap. i Orkdal

Til res. kap. stillinga i Orkdal hadde det meldt seg 1 søkar ved fristens utløp. Det er feltprest på Stjørdal — Bertel Aasen. Det er å venta at han vil verta utnemnd i nær framtid. Han tiltrer tenesten i Orkdal 21. august og innsettes i tenesten i Moe k. 27. aug.

Møter i Orkanger sokn

10. 5 Bibeltid i Bedehuset: Tor Aas: Hvem er den Hellige Ånd?

24. 5 Bibeltid i Bedehuset: Gunnar Bonsaksen: En misjonerende menighet. 7. 6 Bibeltid i Bedehuset: Audun Slettahjell: Menigheten — et folk underveis.

Alle kvelder kl. 20.

17. 5 Familiefest i Orkanger bedehus kl. 18.

2. 6 Eldretreff i Askeladden kl. 15.—

Musikkandakt i Moe kyrkje

Fredag 9. 6 kl. 18 vert det musikkandakt i Moe kyrkje. Det er ca. 40 songarar frå Borgund Ungdomskantori (Eidhamars nye kyrkjelyd) som vitjar oss.

Konfirmantar

Også Gunn Holden og Eli Hovdal skal konfirmerast i Orkanger k. 21. 5.

7. - 14. mai

vil 7 ungdomar frå «Ungdom i Oppdrag» ha sitt virke i Orkdal. Dei skal vera med på organisasjonars og sokneråds arrangement i desse dagar. I fristunder vil dei «evangelisera» d.v.s. gje seg i snakk med mennesker dei møter om Jesus Kristus. TAK VEL I MOT DEI!

25. 5.

Menighetens årsfest i Geitastrand på Ofstad bedehus kl. 19.

Kristen Videregående skole

i Trøndelag kjem igang frå hausten. Byggeplanane for skolen er godkjent av representantskapet og av eierorganisasjonane. Den skal ligge i Heimdalsbyen. Bygget vil ikkje verta ferdig før neste haust, men alt denne hausten vil skolen komme igang i leigde lokaler. Rektor Magne Bjørkøy ved Bakketun Folkehøgskole er tilsett som rektor. I tillegg skal 5 andre lærarar tilsettes.

Bygningane som skal reisast blir på ca. 4500 m² fordelt på 3 etasjer. Dei er kostnadsrekna til 18.4 mill. kr. Dette er første byggetrinn. Til andre byggetrinn høyrer også eit internat. 4,6 mill. kr. må dekkast ved innsamlingar. Resten dekkas ved offentlege tilskott og lån. Skolen vil samla få ca. 300 elevplasser. Skolens innsamlingskonti er: Postgiro: 3951936, Bankgiro: 8601.45.31736.

Alternativ skole

Alle elevar i Ungdomsskolen skal komande skoleår kunne få alternativ opplæring i yrkeslivet om dei lokale tilhøva ligg til rette for dette. Det er statsråd Kjølve Egeland som opplyser dette i eit svar han ga stortingsrepresentant H. H. Rossbach i Stortingets spørretime 12. 4.

Ny landbruksskole i Trøndelag

Tomb Landbruksskole i Østfold (Indremisjonen) får frå 1979 ei underavdeling på Øye gard i Melhus. Der vil det bli igangsett eit grunnkurs for slike som seinare skal inn på vanleg agronomkurs. Som avdelingsleidar er tilsett Ola Foss frå Meldal. Skolen får plass for 36 elevar.

Det Norske misjonsselskap

skal ha si generalforsamling i Bergen 21. - 25. juni. Møtestad er Bergenshallen. Alle møter er opne for dei som har hug til ein Bergenstur.

Kjolen

finner De hos

Dagny Korsli A.s

BARDSHAUG

Tlf. 80 395

1945 -- 8. mai -- 1978

Salme 100: Herren er god, Hans miskunn varer i all æva, og Hans truskap frå slekt til slekt.

Vi har fått erfare at desse ord er sanne, vi som har fått Norge til odel. Gud har vore med slekta vår frå Heilag Olavs tid og fram til idag. Stundom kunne det vel sjå ut som Gud hadde gløymt oss, men når vi såg etter var det vi som hadde gløymt Han. Så snart vi igjen bad Han om hjelp — så var Han der. Utan Gud kunne vi ingenting makta. Det visste fedrane på Eidsvold då dei tok seg løysenordet — GUD ER ATTÅT.

Det vissté også dei mange kvinner og menn som i åra 1940 til 1945 bar Norge fram i kamp mot innbrytarar og valdsmakt. Det heile såg så fåfengd ut, — eit lite fatigt land mot Europa-landets stormakt nr. 1. Skulle vi ha tatt kampen opp berre ut frå menneskelege vilkår — så hadde vi tapt — før vi tok til. Men det norske folk mobiliserte også gjennom bøn til Gud. Som aldri før samla folk seg til kyrkjehusa for å få tru og von frå Guds ord. Gud forkasta oss ikkje — Han gløymde oss ikkje. Det vart om det står i fedrelandssalmen vår:

**MEN GUD DU I NÅDE
TIL OSS SÅG
DIN KJÆRLEIK OSS
IKKJE GLØYMDE**

Gud gav oss 8de mai. Ein dag full av glede og song, Norges gledesdag nr. 1 er det vorte sagt. Det hende diverre at folk på denne frigjeringsdagen vår steller seg slik at dei dreg dagen ned i søle og skitt, i sin eigen mistydde fridomsfeiring. Men for langt dei fleste vil vel dagen likevel stå der klårt i minnet og fortelja om rike og umissande verdiar som vi har å takka for — verdiar som vi i fem lange år trudde vi skulle misse.

Ingen dag kan vel meire enn 8. mai legge ned i oss samkjensle av at vi er ein nasjon — eit folk — eit fellesskap. I denne nasjon og i dette folk utgjør du og eg

med heimane våre den minste lekken og likefullt den verdfullaste lekken.

Eit enkelt hjem bar så tidt et land når ut det sendte dets frelsermann, og mange tusen av hjem det var som landet frelst gjennom slaget bar, og det som bærer det gjennom freden er hjemmets pulsslagn i travelheten.

Så er det også om heimane at fridoms slaget støtt og stendig må vinnast på ny.

Opplysningsfaktorane er mange og sterke, så vi lyt ropa: «VAKT I GEVÆR».

Fullpakka samlingsstader med øredøvande popmusikk frå landsframande jukeboksar, rytmer og guturale songstrofer som lite har med norsk lynne å gjera er den farlegaste av alle femtekolonner. Slike ting lokkar kan hende meire og sterkare enn samlinga om kveldsbordet heime kan makta å gjera.

Ein einskild heim — er det noko?

Ja, såmenn. Det er gullskatten. — Det er odelsarven. Det er grunnlaget også for fridomen landet vårt bygger på. Om heimane brytast ned innafra, — så skal nok landets sjølvstende ikkje stå så stort lenger.

Heimen det er gulltråden, — mor først oppe og sist i seng — utan ferie — år etter år, — far som i allslags ver lyt ut for å tena så endane kan møtast. Det er dei begge i bøn til Gud for barnet sitt.

Det er biletet på veggen av søner i kongens klær, det er gamle gulna brev frå dei som flytta ut. Det er ein gamal sliten familiebibel der oldefar, bestefar og far har skrevet inn datoar og namn i glede og sikkert også i sorg. Det er ein heim i fylgje på kyrkjeveg.

Du som har lese hit. Leit og sjå om du skulle finna att noko av dette. Skulle du ikkje finna arven att — så var femåra fram til 8de mai til inkje. Då må du også spørja

— «skulda er vel ikkje mi?»

*Gud signe Noregs land,
Kvar heim, kvar dal og strand,
Kvar lund og li.
Han lat dei aldri døy.
Han verje bygd og øy.
Han verje mann og møy
til ævleg tid.*

Kaare Rogstad

Prestekontora har åpent

Orkdal og Orkanger: tirsdag 16-18
torsdag og laurdag 10-12
Svorkmo: Onsdag og laurdag 10-12

Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00
(Tlf. 80 450)
Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30
(Tlf. 82 191)
Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30
(Tlf. 115)

Lördager er alle kontorer stengt.

80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

**Svorkmo
Handelssamlag**


OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER

**Gjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.**

Fotograf Kvarsnes

**SE VAR MUSIKKAVD. FOR
ORGLER - GITARER o.s.v.**

Tlf. 80 356 Orkanger



Du mor og far som bar barnet ditt til dåp for tre-fire år sidan har vel no begynt å ta det med til kyrkje? Du veit det var føresetnaden når det sto: **DØYPER DET OG LÆRER DET A HALDA:** «Deira blod skal krevjast av di hand» står det. Det betyr i denne samanheng at mor og far vil bli krevd til ansvar for korleis dei fostra barnet sitt.

Prost Arne Frisvold i Stjørdal

døydde i april. Han hadde også fleire rike arbeidsår i Orkdal som lærar på Torshus Folkehøgskole, der han var ein akta kollega og kjær lærar. Utom dei bygdelag han fekk virke (Orkdal-Ranheim — Inderøy og Stjørdal) var han vel mest kjend som salmediktaren. Som ei siste helsing frå han tar vi med ein av dei siste salmane han skreiv. Da var han sjølv sjuk og dødsmerkt.

Helsing til ein sjuk

*Kor sølt det er i mørke natt og kvide
å høve himlens englekor:
Det er så stort for deg at du får lide
i lag med ein krossfesta bror!*

*Kor det er sølt når tunge angestbølge
gjer alt mitt til ei naken natt.
A vite visst at ein ei i mitt følgje
som let meg sjå ein himmelsk skatt.*

A. F.

Det første barnetog 17. mai

Under Bjørnsens ledelse og Wergelands merke.

Det første barnetog 17. mai her i landet ble arrangert i Oslo i 1870 etter initiativ av Bjørnson. I oppropet fra «Festkomiteen», undertegnet B. Bjørnson, der det blant annet het: «Kl. 9 samles Smaagutternes Flagtog paa Fæstningen (alene fra Almueskolerne møder 1200, hver med sit Flag.) Efter Afsyngelsen at etpar Nationalsange gaar Toget under Musik gennem Kongens- og Karl Johans-gade til Stortingsbygningen, hvor Wergelands Stortingsang synges og derfra til Krohgstøtten, hvor Smaagutternes National-sang synges og Tale holdes, tilbage til Fæstningen, hvor Telegrafrevisor Hansen holder tale og Sang synges, hvorpaa Toget opløses».

Et barnetog under Wergelands merke og Bjørnsens ledelse, — slik var det første barnetog 17. mai, «barnekorstoget», som publikum kalte det. Bjørnson hadde gitt dagen sin Ja, vi elsker, som med Nordraaks melodi fikk sin dåb ved Eidsvoll 17. mai 1884 på femtiårsdagen for frihetsverket 1814.

I 1869 var det 25 år siden flaggloven var blitt vedtatt, hvorefter det norske orlogsflagg ble likt handelsflagget, —

riktignok med tilføyelse av unionsmerket, «sildesalaten», som det kaltes. Men Bjørnson var ikke fornøyet med resultatet av flaggkampen, som han betraktet som symbolet på den samlede kamp for full frihet, og våren 1870 skrev han derfor rundt til alle skolene i Kristiania og foreslo et barnenes flaggtog 17. mai, — med rene flagg.

Men om det hadde vært hvass strid om saken på forhånd, — Morgenbl. var ute og klynket over at nå var også barna trukket inn i politikken! — så var det selv blant Bjørnsens politiske motstandere enighet om etter 17. mai, at det første barnetoget hadde vært en avgjort suksess. 1200 gutter fra Pipervikens, Grønlands, Hammerborgs og Sagenes «almueskoler» og elevene fra Quam marsjerte den lange ruten gjennom byen med Bjørnsens i spissen. Stolt skrev Bjørnson i sitt blad: «Det som var gribende ved Toget, nemlig Smaagutternes Ansigter og Jubel indunder Flagene, og disse friske Farver i urolig Flagren i en Linje saa lang som fra Universitetet til Slottet, skjönt Gutterne gik fire og fire . . . sees ikke her» — på en tegning han sam-

Konstads Bokhandel

Orkanger.

**Bøker - Papir
Skolemateriell**

*Kor det er sølt når låst blir alle dører
og arbeidshender kvile må.
A vite at min Frelser bøner hører
og villig vil mitt ærend gå.*

*Kor det er sølt når ubrukt ein må ligge
og vite om dei tusen ting:
no kan eg trygt for Jesu trone tigge
og arbeidsher blir set i sving.*

*Kor det er sølt i mørke natt få kvile,
trygt som eit barn i Faders famn.
Og vite at min død vil også smile,
for eg går heim i Jesu namn.*

A. F.

tidig offentliggjorde. Men Bjørnson bad andre byer ta opp eksemplet: «de har ingen Maade at fejre Dagen paa som gjør et skjønnere Indtrykk og sætter større Frugt for Fremtiden. Men det forstaar sig, da maa alle Samfunds-Klassers Børn gaa med, alle som bare kan skaffe sig Flag». «Man sige», skriver Bjørnson, «det var første Gang Almuenmanden fejrede 17. Maj, ti dennegang stod han ikke og saa paa og drak sig full af bare Kjedsomhed».

Jonas Lie hadde skrevet en egen flaggsang til dagen og den merkelige og begavede telegrafrevisor Hansen holdt en tendende tale: «I skjønner vel ogsaa at der har liget Alvor i Sagen, at I idag liggesom har knæsat Fædrelandets Sag.»

Det var folkeskolelærerne som hadde vært Bjørnsens beste støtte — en takk tilbake til Bjørnson for hans virke for dem. De tok også saken opp utover landet, slik at det allerede en måned etter gikk flaggtog av gutter i Kristiansand og 17. mai året etter var det flaggtog fra en mengde skoler utover landet.

Eg minnst

To gløynde gamle

Det er mange år sidan eg møtte han første gongen. Han var nett blitt kårmann og kona og han hadde nyss flytt inn i ei flunkande ny kårstuggu. Han hadde kvasse blå auge — eit bronbarka — værbitte andlet og grå hårmanke. Han møtte presten med ein spenstig gang og eit kraftig handtrykk. Han var hovding, — ein stolt bærar av arv - odel og ætt, — og kom for meg å vera ein av dei gamle, djerve vikingar.

Eg visste at han var ein flink bonde. Jorda hadde han odla til god hevd. Jordvegen var mangedobla i ha's tid.

De nye maskinreidskap hadde hjelpt han til det. Både driftsbygning og våningshus hadde han reist. Det siste var kårstuggu. Den låg moderne og lettvent noko tilsides frå tunet.

No hadde han og kona invitert nokre vener, slektningar og naboar ilag med presten, for å få eitslag innvigsle på kårstuggu og sikkert også på kårtilværet.

Han var byrg og hadde grunn til å vera det. Attåt alt det meir hadde desse ektefolka fostra 9 barn. Veterinærar — lærarfolk og ein odelsbonde hadde dei vorte. Godt gifte hadde dei også fått alle. Det var berre han Jens (vi kallar han det) som ikkje vart anna enn ekspeditør inni byen. Kårmannen sjølv målbar seg slik. I talen han heldt for oss, kom han inn på mange ting: på menneskets vilje, som han meinte absolutt kunne nå dei mål som vart sett, på det som vart utretta medan han var med i kommunalt styre og stell, på storting og styringsverk. Han visste all veg korleis dei helst skulle ha stelt seg. Han omtala også ungfolka på garden. Tydeleg var han stolt av at verdottra var lærar nedi ungdomsskolen. «Ho Oline (vi let kona heite det) var no berre kjerring ho, — olært som eg sjølv, veit dykk. Jaja, eg hadde no ein skarve landbruksskole da. Det var ikkje så lite det, den tida, huhh, huhh.»

I samrøra var eg frimodig til å segja: «De to har sanneleg vore under Jesu Kristi velsigning». Han såg noko forstøkt på meg og svara: «Vil nokon vera under velsigning, må han samstundes sjølv vera sin eigen lykkesmed». Vi vart ikkje heilt samde, avdi

det var tydeleg han ville vera ein sjølvstendig mann. Han var ein ærleg mann også, når han sa: «Det er vel helst ho Oline som er under velsigninga. Det er ho som ber for oss begge.»

Eg heldt no den andakta han hadde bede meg om da han inviterte. Den roste han openbert og sa den var god. Før eg gjekk, fekk eg plassert den setning at det ikkje var den yttre oppfatning av ei tales gode eller mindre gode framføring som var viktig — men om orda nådde inn.

Eit par år seinare var eg prest ved gravferda hennar Oline. Han var den same staute, sterke bonden. Han skulle nok greie å stella seg sjølv i mange år enda og middagen skulle han eta ilag med ungfolka. «Kven er det som skal ordna med bøna no då?» Han såg kvasst på meg, men svara ikkje.

Dei to gamle kom meire på avstand da vi flytte til ein annan kant av landet. Sporadisk fekk vi høyre at han skranta noko og at det ikkje gjekk så godt mellom verdottra og han. Han bruka visst å segja det om ho: «Ho kan halda seg meire heime. Ungane treng mor si og eg, — eg Ja, ho Oline og eg vi sytte no av kårfolka våre vi. Ho mor låg på senga i tre år. — — — —»

To-tre år seinare var han komen på ein privat pleieheim. Han hadde kjøpt seg inn der, for å sleppa aldersheimen i heimbygda, fekk vi spurt. I jula fekk eg høve til å fara innom



han. Det var dagen framfør nyårsaftan. «Det kom blomar frå dei alle», sa han — «men berre Jens og kona tok seg tid til å koma hit juledagen. Dei ville forresten eg skulle koma heim til dei i jula, men du veit da laut eg ha ligge på stovedivanen. Ingen av dei andre ba meg koma:»

Ved sommarsleite fekk eg brev frå han. Eg måtte ved hendt høve svinga meg innom han, sto det i brevet. I september var eg der. «Sjå her» sa han, «Her er kort frå alle sommarturane dei har vore på». Han viste meg prospektkort frå mest alle borna: Costa del Sol, Kanariøyene og Roma var nokre av namna. «Du har vidfarande etterkomarar» meinte eg, «Det rullar vikingebled i dei». «Dei har ikkje tid til å sjå om ein gamal far» svara han. «Alt dei sjølv har hug til, har dei tid til. Til meg strekk ikkje hugen og vilja til. Men no skal du hjelpa meg å be prest. Lære meg å be,» retta han det til. «Eg har visst aldri kunnja det, — har vore for sjølvhjelpen og stolt.» Så freista vi å få orden på bøna og før eg gjekk sa han at no kjende han seg under velsigning. Han ropa etter meg at han Jens og kona, dei såg no om han ender og då.

Før advent var han død og eg såg i avisene at han fekk ei heiderleg gravferd. Odelssonen tala frå born, svigerborn og barneborn. Ein nabo takka ein god granne og ordføraren takka frå kommunen.

Ved eit samantreff ei tid etter traff eg pleieheimsstyraren. «Han var hjå oss i 14 månader. På den tida fekk han aldri vitjing av borna sine. Den einaste var Jens og kona.» Dei hadde vore der fleire gonger. Da klang det i øyra mine som eit ekko: «Han vart ikkje anna enn ekspeditør inni byen». «VELSIGNA JENS», tenkte eg, «Utan at du kanskje visste det, vart du berar av velsigninga, avdi du heldt det 4de bodet.»

2

Den andre saga er kort fortald. Ei kone eg kjendte hadde seldt garden til framande mennesker — ettersom ingen av borna ville ta over. Alle fire borna budde ikkje lengre borte enn tre-fire mil. Anne (vi kallar kona det) skulle fylle 80 år og ungvona i garden ringde meg for å spurde om ikkje presten kunna koma ein tur. Eg lova det, men kunne ikkje koma før i kveldinga, sa eg.

Kl. 19.30 kom eg. Å, du tristesame



Skreddaren vart forkynnar

— Eg vart utdanna til skreddar, og ein dag sat eg på verkstaden og tenkte på alle dei som gjekk fortapt. Nau-da dreiv meg til tenesta, eg måtte vera med å be dei venda om, uttalar Andreas Konstad som bur på Fannrem i Trøndelag. Han er ein av dei eldre «krigarane i Guds hær» som kan sjå attende på mange rike år saman med Jesus. I 1932 kom kallet om å ta til i krinsen, og 19 år har han vore krinssekretær i Gjøvik og Skien.

Konstad gløymer ikkje fyrste julekvelden etter at han var blitt frelst.

— Far var religiøs, men ingen frelst syndar. Eg spurte om løyve til å halda andakt. — Det var eg som skulle gjort det, sa far med sorgtyngd røyst, han hadde ingen ting å vitna om.

Det er rett å byrja frå Jerusalem av, blant sine næraste, understrekar Konstad og peikar på at det vart ein stor siger for han å vitna for sine kjære, det fekk betydning seinare i livet.

— Fyrste vinteren eg var ute på

hus. Anne hadde site i finpusa heile dagen og venta på gjester. Ingen kom. Ungkona hadde kocht sodd for å ha noko å traktert dei som måtte koma. Ho hadde også lurt seg til å ringa opp eitpar av borna. Ei dottar hadde gløymt dagen!!! men skulle koma dagen etter. Ein son kunne ikkje koma, han skulle diverre avstad å sjå på ei viktig fotballkamp inni byen — av alle ting ein fotballkamp!!! Så var det einast ein fattigsleg prest som kom — sist på dagen. Det var vanskeleg å få fram gleda på gamle Anne.

Held vi på å gløyma det 4de bod?

K. R.

preikeferd, hadde eg 47 møter etter kvarandre. Det var ikkje lett for ein nybegynnar å enda midt oppi vekkelse, og til slutt visste eg ikkje kva eg skulle finna på, minnst Konstad.

Blant dei mange som fann vegen til møta, var ein storbonde og kona hans. Ein søndag føremiddag kom dei til samvær der vekkingsanda hadde slått seg ned. Det vart reist forslag om bønnemøte etterpå, og storbonden reiste seg snøgt og storma på dør.

— Om kvelden kom han tilbake, musikklaget spela og sang medan han og kona kom inn og fann seg sitjeplass. Seinare på kvelden vart ordet gjeve fritt, og storbonden reiste seg. «De må ikkje verta redde, men no har eg møtt ein som er sterkare enn meg»,

fortalde han. «Det har vore ein tung dag i vår heim, men no harkona mi og eg bestemt oss for å gi oss over til Jesus. Be til Jesus for oss, slik at me vert like trufaste til å tena Gud som me før har tent satan», ba storbonden. Den kvelden gjekk desse to sjelene over frå døden til livet, fortel Andreas Konstad.

Mykje god erfaring har Konstad samla seg gjennom åra. Denne freistar han å dela med andre gjennom pennen sin, for han likar å skriva ned tankar og erindringar som måtte dukka opp i kvardagen.

OvE

Sto i Utsyn i april og red. spurte Konstad — som ga oss lov å ta det inn.

Kristenartianarane ved Follo 1978

Denne våren er det 21 K.A. som går ut frå Orkdal Vidaregåande Skole. Etter endt eksamen skal dei ut på turne, og på ein annan stad i dette nr. orienterer K.A. om det misjonsprosjekt dei skal reisa for.

Men redaktøren synes at K.A. fortener å få biletet sitt i menighetsbla-

det som ein takk for alt dei har gjeve kyrkjelydane her i Orkdal i dei tre åra dei har gått på Follo. Alltid når vi spurde dei om hjelp til eit eller anna, svara dei ja. No takkar vi for dette og ynskjer dei alle Guds rike velsigning vidare ut i livet.

K. R.



1. rekke frå venstre: Maj Rigmor Meland (Lensvik), Agnes Rogstad (Orkdal), Turid Neverdal (Bessaker), Gunnveig Syrstad (Skaun), Heidi Flatval (Frøya), Toril Eide (Hitra).

2. r. fra v.: Jorunn Slørdal (Orkdal) Helga Eidhamar (Svorkmo), Laila Ovesen (Meldal), Ragnhild Liabø (Vågbø) Bente Slaastad (Orkanger), Inger Marie Voll (Rennebu), Kari Grande (Ajford).

3. r. fra v.: Anne Bakken (Borsa), Jorunn Lysberg (Orkdal), Mai Guldberg (Orkdal), Merete Røen (Rindal), Harriet Mellemseter (Hitra), Per Olav Foseide (Rindal), Tore Hegvik (Rindal).

Velkomen til kyrkja

7.5 6. s. e. påske

Orkdal k. kl. 11
 Familiegudst. v. prost Rogstad.
 Konfirmasjon. Offer til menighetens
 barne- og ungdomsarbeid.
 Geitastrand k. kl. 11
 Familiegudst. v. kallskap. Sletta-
 hjell. Konfirmasjon. Offer til menighets-
 arb. Buss frå Råbygda.

11.5. torsdag

Orkanger k. kl. 19
 Ungdomsgudst. v. kalls.kap. Sletta-
 hjell. Samtale m. konf.

14.5. Pinsedag

Orkdal k. kl. 11
 Høgtidsgudst. v. prost Rogstad.
 Offer til Indremisjonen.
 Moe k. kl. 11
 Høgtidsgudst. v. spr. Olsen. Offer til
 Indremisjonen.
 Orkanger k. kl. 11
 Høgtidsgudst. v. kalls.kap. Sletta-
 hjell. Offer til menighetsarb.
 Geitastrand k. kl. 15
 Høgtidsgudst. ved prost Rogstad.
 Offer til Sjømannsmisj. Buss frå
 Råbygda.

17.5. Grunnlovsdag

Orkdal k. kl. 11
 Barnegudst. v. kallskap. Sletta-
 hjell. Offer til menighetens barne og ung-
 domsarb.
 Orkanger k. kl. 12.30
 Barnegudst. v. spr. Olsen. Offer til
 menighetens barne- og ungdomsarb.
 Moe k. kl. 11
 Barnegudst. v. prost Rogstad. Offer
 til menighetens barne- og ungdoms-
 arb.

21.5. Treinings søndag

Orkanger k. kl. 11
 Høgmesse v. kallskap. Sletta-
 hjell. Konfirmasjon. Offer til Ungdomsarb.
 Moe k. kl. 19
 Kveldsmesse v. spr. Olsen. Samtale
 med konf. Offer til menighetsarb.
 Innset k. kl. 11
 prostemesse

25.5 torsdag

Orkdal k. kl. 19
 Temamesse v. studentprest Trond
 Skar Dokka. Nattverd. Offer.

28.5 2. s. etter pinse

Orkdal k. kl. 11
 Høgmesse v. prost Rogstad. Utsend-
 ing frå Norsk Lærarakademi deltar.
 Sang av akademisk kor.
 Offer til Lærarakademiet.

Orkanger k. kl. 11
 Høgmesse v. kallskap. Sletta-
 hjell. Nattverd. Offer til Menighetshuset.
 Moe k. kl. 11
 Høgmesse v. spr. Olsen. Konfirma-
 sjon. Offer til Ungdomsarbeidet.
 1. 6
 Orkanger k. kl. 19
 Ungdomsgudst. Ungdomssek. Tore
 Byfuglilien og kalls.kap. Sletta-
 hjell.

4.6 3. s. etter pinse

Orkdal k. kl. 11
 Konsert/messe v. prost Rogstad.
 4 korps deltar.
 Geitastrand k. kl. 11
 Høgmesse v. kallskap. Sletta-
 hjell. Nattverd. Offer til menighetsfakul-
 tetet. Buss frå Råbygda.
 Orkanger k. kl. 11
 Høgmesse v. spr. Olsen. Offer til Me-
 nighetsarb.

11.6 4. s. e. pinse

Moe k. kl. 11
 Høgmesse v. prost Rogstad. Nattv.
 Offer til «Kurs for eldre på Torshus.»
 Sølberget bedehus kl. 11
 Gudstenesteleg møte v. kallskap.
 Sletta-
 hjell.
 Gjølme bedehus kl. 11
 Gudstenesteleg møte v. spr. Olsen

18.6 5. s. e. pinse

Orkdal k. kl. 11
 Høgmesse v. spr. Olsen. Nattverd.
 Offer til søndagsskoleforbundet.
 Orkanger k. kl. 11
 Høgmesse v. kallskap. Sletta-
 hjell. Nattverd. Offer til Kristent arbeid
 blandt blinde.

Samver — «Kurs for eldre»

I dagane 14. - 18. juni vil det bli eit
 triveleg samver på Torshus folkehøg-
 skole for eldre (pensjonistar). Alle får
 høve til å bu på skolen. Opphaldet skal
 bli svært rimeleg.

Programmet blir variert. Vi nemner:
 Kåseri om å bli gammal, bibeltimar,
 høvelege aktivitetar, misjonskveld,
 Orkdalskveld o.fl.

I mai vil det bli sendt fullstendig
 program til alle prestekontora, sosial-
 kontora, pensjonistforeningar m.m.
 Sjå og annonse i lokalavisa.

Dersom du treng å ha med deg
 ekstra hjelp, kan du godt få med deg
 eit høveleg menneske som er yngre.

Vi i prostiråda (Orkdal og Sør-
 Fosen) vonar mange finn vegen til
 Torshus. Meld deg på når programmet
 kjem. Helsing Orkdal prostiråd
 v. Reidar Halgunset

Ansvar — Varde

Avholdsfolk bruker sine egne
 forsikringsselskaper for hus,
 heim, næringsvirksomhet, bil,
 motorsykkel og traktor.
 Snakk med våre representanter:
 Brage Fagerli, Svorkmo t. 2113.
 Sigmund Haugset t. 82362 eller
 distr.repr. Ivar K. Gangås t. 82175

SØLVVARER
 til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON
 Gullsmed

John
 ROHME

7300 Orkanger

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det
 gjeld trykking av blad, tids-
 skrifter, forretningstrykk
 m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

21 kristenruss

I år er vi 21 kristenruss ved Orkdal
 vidaregåande skole, og i slutten av
 mai vil vi dra på en ukes turné rundt
 i distriktet vårt. Vi kommer til Svork-
 mo den 30. mai og til Orkdal den
 31. mai. Formålet med denne turnéen
 er å samle inn penger til et misjons-
 prosjekt i Japan, og de pengene vi får
 inn skal gå til reising av en misjons-
 stasjon i Kurayoshi på øya Honshu.

Om formiddagen kommer vi til å be-
 søke skolene, og om ettermiddagen
 aldershjemmene rundt omkring. Vi vil
 også komme på dørene for å selge
 kristenrussavisa vår. Om kveldene blir
 det møter der vi vil synge og holde
 vitnesbyrd. Det kommer til å reise en
 taler sammen med oss. Under kvelds-
 møtet vil det bli tatt opp offer til
 misjonsprosjektet. Vi kommer til å
 ta med oss en del kristen litteratur
 som det vil bli anledning til å kjøpe.

Vi gleder oss til å besøke dere!

Hilsen kristen-russen ved
 Orkdal vidaregåande skole